



# Journalistprisen

MONICA AURE FALLINGEN

## NYSS

Å laga journalistikk som er tett på innbyggerane er både ei krevjande øving og ei suksessfaktor for ei lokalavis.

Journalisten har med serien «Vikarstafetten» brukt grundig og metodisk arbeid for å gå inn på utfordringane rundt fastlegetenesta, som har vore eit hovudbry for det offentlege og innbyggjarane. Det krev kløkt å få ut informasjon i ein betent strid mellom legar og kommune, som igjen gir eit uforutsigbart helsetilbod for dei som bur i Sykkylven.

Sakene i «Vikarstafetten» fekk politiske konsekvensar og har endra bygda si fastlegeordning til det positive for innbyggjarane. Journalist Monica Aure Fallingen leverer dermed særst godt på samfunnsoppdraget. Vi vil rosa Nyss for å bruka kompetanseheving og samarbeid for å få til gode journalistiske resultat, både på metode og presentasjon.

Juryen, Hamar, 16. mars 2024

*Eva Akerbæk*

*Siri Skaalmo*

*Thomas Frigård*